

# Sak til samarbeidsutvala

---

Går til: Medlemmane i Samarbeidsutvalet for Bergensregionen  
Dato: 9. desember 2020  
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)  
Saka gjeld: Årleg gjennomgang av avtaleverket  
Saksnummer: 47/20

## Bakgrunn

Som eit ledd i gjennomføringa av samhandlingsreforma vart det lovpålagt å inngå lokale samarbeidsavtalar mellom kommunane og spesialisthelsetenesta. Føremålet med samarbeidsavtalane er å konkretisere oppgåve- og ansvarsfordelinga mellom kommunar og helseføretaket, og å etablere gode arenaer og rutinar på sentrale samhandlingsområde. Avtalane skal medverka til at pasientar og brukarar får eit heilskapleg tilbod om helse- og omsorgstenester.

I tråd med overordna samarbeidsavtale (pkt. 12) er partane samde om å gjennomgå dei inngåtte samarbeidsavtalane innan desember kvart år med sikte på naudsynte oppdateringar eller utvidingar. Resultatet av gjennomgangen skal leggjast fram for Toppleiarmøtet, og ein eventuelt endra avtale skal handsamast i tråd med Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. § 6-1.

Samarbeidssekretariatet (SSE) har gjennomført ei vurdering av gjeldande samarbeidsavtalar med utgangspunkt i mal for årleg gjennomgang av avtaleverket, vedteke av samarbeidsutvala i 2015:

1. Er det kome krav om revisjon?
2. Er det nasjonale og lokale føringar som utløyser revisjonsbehov?
3. Er det samarbeidsavtalar som må fornyast?

I malen var det også lagt opp til at behovet for revisjon skulle vurderast opp mot eventuelle systematiske samhandlingsavvik. SSE tilrår at denne vurderinga skjer i samband med at oversikta over samhandlingsavvik ev. vert lagt fram som ei eiga sak for samarbeidsutvala i 2021.

## Vurderingar i 2020

1. Er det kome krav om revisjon i 2020?

*SSE har hatt ein gjennomgang av saksgrunnlag og referat frå samarbeidsutvala sine møter i 2020 for å identifisere om der føreligg eventuelle krav om revisjon.*

- a. *Felles utviklingsplan* kan kome til å fremje endringar i samhandlingsstruktur og samarbeidsform, jf. prinsippa i helsefellesskapet. Dagens samhandlingsstruktur vert regulert i overordna samarbeidsavtale, og ev. strukturelle endringar må difor følgjast opp med ein revisjon av denne avtalen.

- b. I tråd med mandatet for arbeidet med revisjon av tenesteavtale 11 og 12 skal det utarbeidast tilhøyrande lokale særavtalar når revidert tenesteavtale er vedteken og signert.
- c. Samarbeidsutvala har vedteke at det skal gjennomførast ei undervegsevaluering av koordineringsgruppa sitt arbeid under pandemien, og ei vurdering av om særavtale for samarbeid ved pandemisk influensa har;
  - medverka til å gje innbyggjarane nødvendig helsehjelp under ein pandemi
  - sikra ansvarsforhold og rutinar for samarbeid mellom kommunar og sjukehus

Det er ikkje gjeve mandat til å identifisera revisjonsbehov i avtalen, men partane kan gjennom dette arbeidet kome til å peike på tilhøve som samla sett talar for oppstart av ein revisjon av avtalen på eit seinare tidspunkt.

## 2. Er det nasjonale og lokale føringar som utløyser revisjonsbehov?

*SSE har gjort ei grov vurdering av konsekvensar av nasjonale og lokale føringar for dei inngåtte samarbeidsavtalane.*

Regjeringa har sendt på høyring forslag til å innføre to nye krav til kva dei lovpålagte avtalene mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal innehalde (jf. helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd):

- a. Kunnskapsdepartementet føreslår å innføre eit nytt krav om at samarbeidsavtalene mellom kommunane og spesialisthelsetenesta omfattar barn og unge (eit punkt 12 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd).
- b. Helse- og omsorgsdepartementet føreslår å innføre eit krav om at kommunane og spesialisthelsetenesta avtaler korleis dei saman skal planlegge og utvikle tenester (eit punkt 13 i helse- og omsorgstenestelova § 6-2 første ledd).

## 3. Er det samarbeidsavtalar som må fornyast?

*SSE har hatt ein gjennomgang av avtaleverket med sikte på å identifisere eventuelle avtalar som går ut på dato og må fornyast.*

- a. I samband med arbeidet med å tilpassa avtaleverket den nye kommunestrukturen, fann SSE at det i tenesteavtalar og særavtalar er behov for å oppdatere tilvisingar til sentrale styringsdokument. Særleg i tenesteavtale 2 er det trong for ei oppdatering. Dette gjeld:
  1. Endringar i forskrift om rehabilitering og habilitering (gjeldande frå 2018).
  2. Ny nasjonal rettleiar for rehabilitering, habilitering, individuell plan og koordinator
  3. Referanse til utgått samarbeidsavtalar mellom kommunane og Helse Bergen innan psykisk helse- og rusområdet

### **Tilråding frå samarbeidssekretariatet (SSE):**

1. *Felles utviklingsplan* kan kome til å utløyse ei trong for revisjon av den overordna samarbeidsavtalen. SSE vil ev. fremje ei sak om dette når *Felles utviklingsplan* er ferdig handsama, mai 2021.
2. Revidert tenesteavtale 11 (tidlegare tenesteavtale 11 og 12) skal supplerast med lokale særavtalar. Det er tilrådd at arbeidet med særavtalane startar opp når revidert avtale er vedteken og signert. SSE tilrår at dette arbeidet vert inkludert som eige punkt på felles handlingsplan for 2021.
3. Partane må ta høgde for at undervegsevalueringa, saman med andre erfaringar som er gjort/vert gjort under pandemien, kan kome til å utløyse ei trong for revisjon av pandemiavtalen. SSE vil gjere ei ny vurdering av saka ved den årlege gjennomgangen av avtaleverket i 2021.
4. Partane må vere budd på å starte opp avtaleprosessar i 2021 knytt til dei to føreslåtte lovkrava om kva samarbeidsavtalane mellom kommunane og spesialisthelsetenesta skal innehalde. SSE tilrår at arbeidet med nye samarbeidsavtalar vert inkludert som tiltak på felles handlingsplan for 2021.
5. Fleire sentrale styringsdokument er oppdaterte sidan tenesteavtale 2 vart inngått. SSE tilrår at ein revisjon av denne avtalen vert sett i samanheng med arbeidet med Felles utviklingsplan og etablering av Helsefellesskap, og dei tilhøyrande prioriterte målgruppene. SSE tilrår at det vert gjort ei ny vurdering av saka ved den årlege gjennomgangen av avtaleverket i 2021.

### **Forslag til vedtak:**

Samarbeidsutvalet for Bergensregionen sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka.